



PROTOKOLL

ULLENSVANG  
KYRKJELEG FELLESRÅD

<b>Frå kl.</b> 15.30 <b>Til kl.</b> 17.30	<b>Møtedato</b> 20.04.2022
<b>Frå sak nr.</b> 11 <b>Til sak nr.</b> 15	<b>Møtestad:</b> Soknehuset i Odda
<b>Forfall</b> Arild Hellesøy var til stades under handsaming av sak 11.	<b>Innkalla varamedlem:</b>
<b>Merknader:</b> Leiar i fellesrådet og kyrkjevevja har i møte med rådmannen lagt fram auka utgifter til straum og finansiering av utskifting av røyromnar i Ulensvang og Kinsarvik kyrkjer. Rådmannen vil gå inn for at fellesrådet får dekkja auka straumutgifter kvartalsvis og kyrkjevevja sender rådmannen oversikt. Tiltaket med utskifting av røyromnar er å sjå på som enøk-tiltak og kyrkjevevja er beden om å søkja om kostnadane ut over kr 450.000 til kvar kyrkje. Det er kome nabovarsel til Odda sokneråd om nytt bygg på kaien. Dette vart handsama av arbeidsutvalet, og dei har ikkje merknader. Arbeidsutvalet er forhandlingsutvalet til fellesrådet i einskildsaker og i tilknytning til tarifforhandlingar.	
<b>Underskrifter:</b> Protokollen vert underskriven av leiar og nestleiar.	
<b>Leiar</b> Lars O. Seim	<b>Nestleiar</b> Audhild Engesæter
Cecilie Styrmoen Stærnes	Torbjørn Dagestad
Torbjørn Bjotveit	Steinar Tokheim
Kari Bjørkavoll Eitrheim	Airin Nesse Bosdal
	Kjellaug Hoås Samland

Hovudutskrift sendt til:

Medlemar, varamedlemar, prostens, rådmannen, revisjonen.

Soknerådsmedlemene som er med i fellesrådet nyttar sitt referat som melding til soknerådet.

**MØTEINNKALLING****ULLENSVANG  
KYRKJELEG FELLESRÅD**

KYRKJELEG FELLESRÅD HAR MØTE I SOKNEHUSET I ODDA ONSDAG DEN 20.04.22 ETTER MØTET I KYRKJELEG ADMINISTRASJONSUTVAL SOM BYRJAR KL 14.00

**Kalla inn:**

Innkalling er sendt på e-post med melding og orientering på sms.

Lars O. Seim (leiar), Cecilie Styrmoie Stærnes, Airin Nesse Bosdal, Audhild Engesæter, Steinar Tokheim, Kari Bjørkavoll Eitrheim, Torbjørn Dagestad, Torbjørn Bjtveit, Arild Hellesøy (geistleg representant), Kjellaug Hoås Samland (kommunal representant).

Varamedlemar møter etter nærare varsel. Mogelege forfall må meldast snarast til 53650900. Me ber alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker å melda frå om dette snarast.

REFERAT FRÅ MØTE DEN 05.01 OG 09.04.2022 APRIL ER SENDT UT TIL ALLE MEDLEMAR.

Det er kome inn ein merknad til sak 3-22 er Utne sokneråd sin representant var falle ut. Saka er korrigert.

FORFALLINNKALLA VARAMEDLEM**SAKSLISTE:**

SAK 11 TILSETJING AV KYRKJEVERJA

SAK 12 KONSTITUERING AV KYRKJEVERJA

SAK 13 SPØRSMÅL OM SAL AV OMRÅDE PÅ BERJAFLOT

SAK 14 SOMMAROPNE KYRKJER

SAK 15 MELDINGAR

Odda, 13.04.22

Med helsing  
sign  
Lars O. Seim  
leiar

Gerd Rosten Bu  
kyrkjeverja

# MØTEBOK

ULLENSVANG KYRKJELEG FELLESRÅD			
Sak nr	11-2022	Sakshandsamar	grb
Arkiv nr	Personal	Møtedato	20.04.22

Saka har vore handsama i: KYRKJELEG ADMINISTRASJONSUTVAL			
Sak nr	4-2022	Møtedato	20.04.22

## SAK 11 TILSETJING AV KYRKJEVERJA

### DOKUMENTLISTE:

1. Utlysing av stillinga.
2. Utvida søkjarlista – IKKJE OFENTLEG.
3. Innstillingsutvalet si vurdering - IKKJE OFFENTLEG

### VEDLEGG:

Dokument 1 og 2. Desse følgde som vedlegg til administrasjonsutvalet.  
Dokument 3 vert lagt fram på møtet.

### SAKSOPPLYSNINGAR:

Stillinga som kyrkjeverja vart lyst med søknadsfrist 25. 02.22, utvida til 11.03.22. Stillinga vart lyst ut gjennom Webcruiter og lysinga er i Hordaland, HF, BT, Vårt Land, Facebook og på NAV sine sider. Det er kome 4 søkjarar og **2 av dei har bede om at namna deira ikkje vert gjort offentleg og det er dei lova.**

Fellesrådet vedtok i sak 5-22 og nytta ekstern hjelp til gjennomføring av tilsetjingsprosessen. F Grimstad konsulting er valt. Fellesrådet vedtok etter spørsmål frå administrasjonsutvalet at tilsette kunne få ein representant i utvalet og dette er Angunn Handegard Trå.

Utvida søkjarlista vart sendt dei tre forbunda 23.03.22 med frist for uttale innan 30. mars. Det er kome eit innspel og det er frå Fagforbundet. Dei har ikkje framlegg til kven som bør tilsetjast, men seier det er viktig at den som vert tilsette kan handtera denne store organisasjonen med dei utfordringar som er og som vil koma.

Innstillingsutvalet er sett saman av Lars Seim, Audhild Engesæter, prost Arild Hellesøy og tilsettere representant Angunn Handegard Trå. Frank Grimstad har leia prosessen med intervju og referansar. Innstillingsutvalet si tilråding vert lagt fram på møtet.

### Kyrkjeleg administrasjonsutval, den 20.04.2022

På møtet vart uttalen frå forbunda Creo, Samfunsviterne og Utdanningsforbundet lagt fram. Dei bad om at uttalen vart teken med til intervju. Dette vart teke omsyn til, sjølv om uttalen frå forbunda til vanleg vert lagt fram til administrasjonsutval og fellesråd. Dei ønskte også at dei tillitsvalde seg imellom skulle få peika ut kven som skulle vera med i intervju/innstillingsutvalet. Dette vert gjort slik ved tilsetjingar i andre stillingar. Når det gjeld kyrkjeverjestillinga er det fellesrådet som tilset, og det er fellesrådet sjølv som vel om dei vil ha ein tilsett med i prosessen og peikar denne ut. I Ullevang kyrkjelege fellesråd har det vore ein open prosess der tillitsvalde har fått utvida søkjarliste til uttale, og fellesrådet vedtok etter førespurnad frå administrasjonsutvalet å ha med ein tilsett i intervju/innstillingsutvalet. Saka er handtert både i administrasjonsutvalet og fellesrådet.

**UTTALE FRÅ ADMINISTRASJONSUTVALET:**

Administrasjonsutvalet støttar samrøyste tilrådinga frå intervjuutvalet. Der søkjar nr 2 (ikkje offentleg) vert tilboden stillinga og søkjar nr 4 vert innstilt som nr 2.

**Kyrkjeleg fellestråd, den 20.04.22**

Leiar og nestleiar får fullmakt til å fastsetja løn til ny kyrkjevevja.

**VEDTAK:**

Samrøystes som innstillinga frå intervjuutvalet og administrasjonsutvalet.

Søkjar nr 2 (unnateke det offentlege) vert innstilt som nr 1 og søkjar nr 4 vert innstilt som nr 2.

Utskrift til:	
---------------	--

## MØTEBOK

<b>ULLENSVANG KYRKJELEGE FELLESRÅD</b>			
Sak nr.	12-2022	Sakshandsamar	grb
Arkiv nr.	personal	Møtedato	12- 2022

### SAK 12 KYRKJEVERJESTILLINGA FRAM TIL NY KYRKJEVERJE ER PÅ PLOSS

#### DOKUMENTLISTE:

1. Delegasjonsreglement.
2. Økonomireglement.

#### VEDLEGG:

Dokument 1 og 2.

#### Bakgrunn

Fungerande kyrkjeverje Gerd Rosten Bu har vore fungerande kyrkjeverje i nye Ullensvang kyrkjelege fellesråd frå 1. juli 2021. Tørres har vore sjukemeldt sidan 26. juni 2021. Gerd R Bu har meddelt at ho seier opp sin stillinga frå 4. juli 2022 og vil arbeida redusert fram til ho trer frå. Ho ynskte primært å fråtre heilt frå 1.4.22, men har påpeika at ho kan vera fleksibel for å finna løysingar fram til ho sluttar i arbeid. Hun har ferie og avspasering å ta ut , men har sagt seg villig til å arbeide i en mindre deltidstilling som fungerande kyrkjeverja fram til sluttdato.

Leiar og nestleiar har vurdert situasjonen og søkt råd hjå Frank Grimstad. Det er ikkje mogeleg for dei som sit i rådet å tre inn i dagleg leiing av kyrkjeleg fellesråd sine oppgåver. Det vil medføra at dei må tre ut av rådet. Med dette som bakteppe har leiar og nestleiar teke opp med fungerande kyrkjeverja om ho kan tenkja seg å stå i ein liten stilling fram til ny kyrkjeverja er på plass. Dette har Gerd Rosten Bu sagt ja til for å hjelpa organisasjonen i ein vanskeleg situasjon.

Denne saka legg opp til at fellesrådet drøftar delegasjonar og mogelege alternativ og fattar vedtak om ivaretaking av kyrkjeverjerolla i perioden fram til ny kyrkjeverja er byrja i arbeid.

#### Saksutgreiing.

Kyrkjeverja er dagleg leiar for fellesrådet si verksemd og arbeider på delegerte fullmakter frå fellesrådet.

I Kyrkjeordninga ( § 16) er det slått fast at «Kirkelig fellesråd skal ha en daglig leder av virksomheten». Noko av bakgrunnen for denne formuleringa er dei tunge forvaltningsoppgåver knytt til eigedom, personal, økonomi og gravferdsforvaltning. Kyrkjeverja har ikkje eigen «Tenesteordning», men det er fellesrådet som gjennom stillingsinstruks/omtale og delegasjonsvedtak gjer kyrkjeverja handlingsrom og mynde på vegne av fellesrådet.

I kyrkjeordninga § 42 heiter det at « «Forvaltningslova , offentleglova og lov om offentlege organ i arkivlova gjeld for den verksemd som vert drive av kyrkjelege organ.

Forholdet mellom fellesrådet sine valde representantar og dagleg leiar /administrasjon er organisert i tråd med anna offentleg forvaltning og inneber mellom anna at valde representantar normalt ikkje kan tilretteleggja ei sak for vedtak og samtidig stemma over den i rådet. Dersom ein har saksbehandla ei sak fram til vedtak er ein normalt ugild til å fatta vedtak i saka. Derfor kan ein dagleg leiar aldri vera medlem i det politiske organ. Dette er regulert, og einaste unntak er geistleg representant som ikkje er ugild. Det vil si at prest i sokneråd, sokneprest/prost i fellesråd og biskop i bispedømmeråd kan tilretteleggja ei sak for vedtak og være gild til å stemme i saka vedkomande har tilrettelagt ( Kirkeordning § 42).

Brot på regelverket kan medføra at vedtaket vert kjent ugyldig.

Dette inneber også at medlem av fellesrådet ( inklusive leiar og nestleiar) ikkje utan vidare kan fungera på delområde for kyrkjeverja i kortare eller lengre periodar. Dersom dei gjer det, må dei tre ut av fellesrådet for perioden.

Sjølvsagt kan dei hjelpa til på ulike område, men dei kan aldri være i posisjon til å leggja til rette ei sak for vedtak.

Det er Ullensvang kyrkjelege fellesråd som kollegialt organ som er arbeidsgjevar for kyrkjeverja. Det er leiar som på vegne av kollegiet har leiarsamtalar mv med kyrkjeverja og er kontaktpunktet mellom møta. Kyrkjeleg fellesråd er eit kollegialt organ og har felles ansvar for å byggja og ivareta tillit til dagleg leiar.

Det er 3 modeller for ivaretaking av funksjonen til kyrkjeverja fram til ny er på plass:

1. Gerd Rosten Bu held fram som fungerande kyrkjeverja i perioden.
2. Ullensvang kyrkjelege fellesråd kan delegera oppgåver til enkeltpersoner i staben som ikkje er medlem av råd
3. Leiar eller nestleiar vert konstituert /får mynde til å vera kyrkjeverja og trer ut av rollen som leiar/nestleiar /medlem
4. Ulike modeller i mellom desse, der valde er til hjelp, men ikkje legg til rette for vedtak.

Med dei utfordringar som har vore/er i organisasjonen er det viktig at formell avklaring er presis.

I praksis er det uråd å handtera breidda i oppgåvene som omfattar økonomistyring, personalforvaltning , eigedomsforvaltning, gravferdsforvaltning osv i en sterkt redusert stilling, men dei løysingar som vert valt må halda seg til dei prinsipp som gjeld for offentleg forvaltning.

Eit sårbart område for Ullensvang kyrkjelege fellesråd er handtering av arbeidsgjevaransvaret og handtering av pålegg mv. Det er særskilt viktig i Ullensvang kyrkjelege fellesråd at det ikkje er tvil om kven som leiar verksemda. Dette er avgjerande for å oppretthalda ein ryddig organisasjon også fram til ny kyrkjeverja er på plass.

#### **KYRKJEVERJA SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Ullensvang kyrkjelege fellesråd konstituerer Gerd Rosten Bu som kyrkjeverja i om lag 20% stilling for perioden fram til ny kyrkjeverja har tiltredd stillinga.

Gerd Rosten Bu vil alltid stå ansvarleg for tilrettelegging og kvalitetssikring av dei saker som fellesrådet handsamar.

Angunn Handegard Trå får delegert mynde til særskilt å være sakshandsamar for fellesrådet saker knytt til

- Kyrkjebygg
- Kyrkjegardar
- Gravferd

Greta Nordlund får delegert mynde til å ivareta HMS-handboka. Greta Nordlund legg til rette for samkøying av arbeidsplanar og tillegg, slik at ein kan få mest mogeleg lik handsaming av tilsette i organisasjonen.

Det vert laga ein plan for kva støttefunksjonar Gerd Rosten Bu treng i rolla. Desse skal vera i tråd med premissene om at medlemmer av rådet ikkje kan være sakshandsamar for sakene som vert lagt fram, med dei unntak det er gjort greie for i saksorienteringa.

Leiar og nestleiar får fullmakt til nærare utforming av plan ilag med Gerd Rosten Bu.

Dei tilsette vert gjort kjent med vedtaket – delegering og korleis UKF vil ivareta dagleg leiing.

### **Kyrkjeleg fellesråd, den 20.04.22**

#### **VEDTAK:**

Samrøystes vedteke.

Ullensvang kyrkjelege fellesråd konstituerer Gerd Rosten Bu som kyrkjeverja i om lag 20% stilling for perioden fram til ny kyrkjeverja har tiltredd stillinga.

Gerd Rosten Bu vil alltid stå ansvarleg for tilrettelegging og kvalitetssikring av dei saker som fellesrådet handsamar.

Angunn Handegard Trå får delegert mynde til særskilt å være sakshandsamar for fellesrådet i saker knytt til

- Kyrkjebygg
- Kyrkjegardar
- Gravferd

Greta Nordlund får delegert mynde til å ivareta HMS-handboka. GN legg til rette for samkøying av arbeidsplanar og tillegg, slik at ein kan få mest mogeleg lik handsaming av tilsette i organisasjonen.

Det vert laga ein plan for kva støttefunksjonar Gerd Rosten Bu treng i rolla. Desse skal vera i tråd med premissene om at medlemmer av rådet ikkje kan være sakshandsamar for sakene som vert lagt fram med dei unntak det er gjort greie for i saksorienteringa.

Leiar og nestleiar får fullmakt til nærare utforming av plan ilag med Gerd Rosten Bu.

Dei tilsette vert gjort kjent med vedtaket – delegering og korleis UKF vil ivareta dagleg leiing.

Kyrkjeverja har avtala med prostens at prestane tek ansvar for og leiar lokale stabsmøter i Jondal, Odda og Ullensvang i perioden fram til ny verja er på plass.

Utskrift til:	
---------------	--

# MØTEBOK

## ULLENSVANG KYRKJELEGE FELLESRÅD

Sak nr.	13-2022	Sakshandsamar	grb
Arkiv nr.	562	Møtedato	20.04.22

### SAK 13 SAL AV OMRÅDE PÅ BERJAFLOT

#### DOKUMENTLISTE:

1. Spørsmål om kjøp av areal på Berjaflot frå Anderson.
2. Referat frå møte med kommunen.
3. Kart som viser området.

#### VEDLEGG:

Dokument 3.

#### BAKGRUNN FOR SAKA:

Arvid Anderson har søkt Odda sokneråd/UKF om kjøp av arealet på gnr 60 på Berjaflot til bygging av garasje.

#### Gjeldande lovverk:

§ 2. *Anlegg mv. av gravplass*

Kommunen skal sørge for at det er tilstrekkelig areal til gravplass og skal selv, i samråd med gravplassmyndigheten, regulere slikt areal etter kapittel 12 i lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven). Regulert areal til ny gravplass eller utvidelse av gravplass skal om mulig også omfatte en buffersone mellom gravplassareal og naboskap. Gravplass skal skjermes mot støy i samsvar med gjeldende retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging. Statsforvalteren skal ha anledning til å uttale seg før kommunen gjør vedtak, jf. plan- og bygningsloven kapittel 11 og 12

#### SAKSOPPLYSNINGAR:

Anderson har søkt om kjøp av areal som ligg utanfor kyrkjegardsmuren. Kommunen har opplyst at matrikkelen viser at dette området eig Odda sokn ved fellesrådet. Reguleringsplanen er under arbeidet og i planen som ligg føre for området er kyrkjegarden teikna inn som friområde. Planen må reviderast og oppdaterast i høve til faktiske forhold.

Leiar, nestleiar og kyrkjevevja har vore på synfaring. Det har vore møtet med kommunen som opplyser at det ligg kommunale vatn- og avlaupsleidningar i omsøkt område. Det må greiast ut med kommunen om området er mogleg å nytta til bygging av garasje.

Området kan ikkje nyttast til kyrkjegard. Saka er vurdert av statsforvaltar Skrøvset, som har vurdert området og meiner det bør nyttast til utsiktspunkt og eit lite parkområde med utsikt ned til sentrum i Odda og ut fjorden. Viser til § 2 i Forskriftene til gravferdslova ovanfor.

Kyrkjeleg fellesråd kan vurdere å gje område attende til kommunen. Det vert vist til at om det er mogleg bør det vera ein buffersone mellom gravplassareal og naboskap. Dette bør kommunen ta omsyn til om ein fører området attende til kommunen.



**ØKONOMISKE KONSEKVENSER.**

Om området skulle seljast til private ville fellestrådet teke betalt for dette. Det er ikkje naturleg å selja området til kommunen.

**KYRKJEVERJA SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Kyrkjeverja vil rå til at området som ligg utanfor kyrkjegardsmuren, i krysset mellom øvre og nedre del av Berjaflotvegen vert avstått vederlagsfritt til kommunen. Kostnader med eventuell oppmåling og overføring til kommunen vert kosta av kommunen. Kyrkjeleg fellestråd bed kommunen vurdere om området kan opparbeidast som eit lite parkområde med utsiktspunkt.

**Kyrkjeleg fellestråd, den 20.04.2022**

**VEDTAK:**

Samrøystes som framlegg til vedtak.

Utskrift til:	
---------------	--

# MØTEBOK

## ULLENSVANG KYRKJELEGE FELLESRÅD

Sak nr.	14-2022	Sakshandsamar	grb
Arkiv nr.	415	Møtedato	20.04.2022

### SAK 14 SOMMAROPNE KYRKJER

#### DOKUMENTLISTE:

1. Kyrkjeleg fellesråd sak 17-2020.
2. Notat om sommaropne kyrkjer frå AHT dgs 19.04.22 lagt fram i møtet.

#### VEDLEGG:

Ingen.

#### BAKGRUNN FOR SAKA:

Det er 8 kyrkjer i fellesrådet og dei har hatt ulike praksis når det gjeld sommaropne kyrkjer. Det er kome spørsmål om korleis dette vert gjort og om fellesrådet bør sjå om det skal vera ei lik handsaming av kyrkjene.

#### SAKSOPPLYSNINGAR:

**Røldal kyrkje** er sommaropen. Soknerådet i Røldal har tradisjon for å ha sommaropne kyrkjer og det er soknerådet sjølv som både tilset og lønar dei som er guidar. Margrethe Gjørsv har ansvaret for dette og er tilsett i 20% stilling i fellesrådet med tilskot frå Bjørgvin bispedømeråd. Soknerådet tek inngangspengar og dei nyttar dette til løn. Dei har eige organisasjonsnummer og eigen rekneskap for dette. Det er ikkje teke stilling til kor vidt dette skal halda fram etter samanslåing av fellesråda.

**Skare kyrkje** er stengt.

**Odda kyrkje** er stengt, men her er kome spørsmål til/frå Odda sokneråd om det er mogeleg å ha sommaropen kyrkje.

**Tyssedal kyrkje** er stengt.

**Ullensvang kyrkje** var sommaropen i skuleferien og vart opna/stengt av sommarhjelp.

**Kinsarvik kyrkje** var sommaropen i skuleferien og vart opna/stengt av sommarhjelp.

**Utne kyrkje** var sommaropen i skuleferien og vart opna/stengt av sommarhjelp.

**Jondal kyrkje** var sommaropen og det var soknerådsmedlemar som tidlegare delte på arbeidet med å opna/lukka kyrkja.

Fellesrådet har ikkje vurdert sommaropne kyrkjer for sommaren 2022. I 2020 vart det vedteke at det ikkje skulle vera sommaropne kyrkjer grunna Covid-9. Kyrkjene var ikkje opne i 2021.

#### ØKONOMISKE KONSEKVENSER.

Det er sett av kr 35.000 i driftsbudsjett til sommaropne kyrkjer. Korleis skal desse nyttast for sommaren 2022? Til orientering er det lagt inn i budsjettet besøk frå Cruiseskip i Ullensvang kyrkje med kr 40.000, men fram til no er det ikkje tinga besøk.

#### KYRKJEVERJA SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Denne saka er utan framlegg til vedtak. Det er viktig at fellesrådet gjer ei god drøfting av kor lik handsaming ein skal ha av desse ulike kyrkjene og økonomiske konsekvenser.

#### Kyrkjeleg fellesråd, den 20.04.22

I møtet vart det lagt fram notat frå AHT om Open kyrkje. Fellesrådet ser at det i dag ar ordninga med sommaropen kyrkje er svært ulike kyrkjene fellesrådet har ansvar for. Røldal har guiding og soknerådet ordnar alt sjølve. Sommaropen kyrkje utan tilsyn i Jondal der soknerådet er ansvarleg for

opning/lukking og Utne, Ullensvang og Kinsarvik med sommaropne kyrkjer og ungdomar som opnar/lukkar med ei lite godtgjersla for dette. Tyssedal, Odda og Skare er ikkje sommaropne.

Det er ønskjeleg med ei meir einsarta ordning for alle kyrkjene og dette skal drøftast i god tid før neste sommar med ny kyrkjevevja.

Om Røldal skal få behalda den ordninga dei har i dag, med tilsetjing og eigen økonomi må vurderast i høve til vedlikehald og ansvar lagt til fellesråd og kyrkjevevja. Det bør vera lik handsaming for dei 4 kyrkjene som er sommaropne. Odda kyrkja er ønskjeleg å ha sommaropen.

Kva ein gjer med Tyssedal og Skare vart ikkje drøfta vidare i møtet.

Der det er toalett i eller ved kyrkjene har dei ikkje vore opne ved sommaropen kyrkje. Det er ikkje lagt til stillinga til kyrkjetenarane å halda toaletta reine ved sommaropen kyrkje.

Parkeringsplassen til Tyssedal kyrkje vert nytta av private. Desse plassane er det det behov for ved gravferder og gudstenester der mange er til stades. Leiar i Tyssedal sokneråd får ansvar for å setja opp plakat når det er behov for at parkeringsplassane er ledige til kyrkjelege aktivitetar. Det bør drøftast å få til ei betre ordning ved arrangement. (Jamfør Ullensvang kyrkje der kommunen i fjor tok opp med kyrkjevevja å setja opp skilt.)

#### **VEDTAK:**

Sommaren 2022 vert sommaropne kyrkjer handsama på same vis som ordningane var før ein slo seg saman.

Sommaropne kyrkjer:

Røldal – ansvar Røldal sokneråd.

Jondal kyrkje – ansvar Jondal sokneråd.

Utne, Kinsarvik og Ullensvang kyrkjer – ansvar kyrkjevevja.

Saka kjem til ny handsaming i god før sommaren 2023.

Utskrift til:	
---------------	--

# MØTEBOK

<b>ULLENSVANG KYRKJELEG FELLESRÅD</b>			
---	--	--	--

Sak nr.	15-2022	Sakshandsamar	grb
Arkiv nr.		Møtedato	20.04.22

## MELDINGAR

### Refererte skriv og meldingar.

1. Protokoll frå lønsforhandling etter § 4.2.

Lagt fram på møtet.

2. Melding frå Bh1 om bruk av timebank.
3. UO – Brev til Bh1 frå leiar Lars O. Seim.
4. UO – Svarbrev til arbeidstilsynet dgs. 30.04.22

### FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

### Kyrkjeleg fellesråd, den 20.04.22

### VEDTAK:

Samrøystes om framlegg til vedtak.